

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordfører gav slikt svar:

Fylkesordføreren deler Raudt si glede over at det vart Vy som vann konkurransen om anbudet på Bergensbanen. Det er tilfredsstillande å sjå at norske verksemdar er konkurransedyktige mot utanlandske selskap. Samstundes viser eg til at over 70% av persontografikken i landet ligg i dei komande anboda,- det er der slaget står! Dette viser også at anbudssystemet på jarnbanen kan gje store endringar i aktørbiletet på jarnbanesida. Fylkesordfører deler uroa om at dette kan gå ut over kvalitet og arbeidsvilkår, og peikar på at det kviler eit stort ansvar på nasjonale styresmakter i å sikra at anbudssystemet som er valt for jarnbanesektoren vidarefører den norske velferdsmodellen.

Den viktigaste rolla fylka får etter Regionreforma er å ta leiarskap som regional utviklingsaktør. Det er difor lett å gje støtte til interpellanten sine vedtaksframlegg 1 og deler av pkt 3(innspelet om krav til offentleg drift ligg neppe i rammene for NTP-arbeidet). Eg er også samd i intensjonen i punkt 2, men kan ikkje sjå at midlane kan øyremerkast, så rådet er å løysa bindinga i setning 1, men oppretthalda intensjonen om at staten må forplikta seg til storstilt investering i styrkt togtilbod og redusera reisetida. Det burde også vore med eit moment om investeringar for å få meir gods over frå bil til bane.

I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten **Jeanette Syversen (R)** sett fram slikt forslag til vedtak:

1. Vestland fylkesting krev at regjeringa og stortinget går inn for ei storstilt opprustning av Bergensbanen og Vossebanen. Det gjeld både skinnegang, togmatriell, tryggleik, vedlikehald, reisetid og rutetilbod. Dette kan ikkje løysast med rein konkurranseutsetting i ein internasjonal marknad. Og dette må ikkje skje gjennom svekking av løns- og arbeidsvilkåra for dei tilsette verken i Vy Tog AS eller hos underleverandørar.
2. Dei 200 millionane som Vy betalar staten for å få køyre Bergensbanen og Vossabanen , må fullt og heilt bli nytta til investeringsmidlar for å styrke togtilbodet på desse strekningane, samt å redusere reisetida kraftig. Dette vil og gje ein stor klimagevinst gjennom redusert privatbilisme og meir gods på bane.
3. Ein nasjonal strategi for utvikling av jernbaneutbygging og drift i offentleg regi må stå sentralt i arbeidet med Nasjonal Transportplan og framtidig norsk jernbanepolitikk.»

Fylkestinget tok stilling til om interpellasjonen skulle realitetsbehandles.

39 av representantane (Sp, H, Frp, FNB, Krf) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3.